

Namn på skulen: Øystese gymnas

Tal elevar skuleåret 2015/16: 186

1 Hovudmål: Auka læringsutbytte og fullføring

Skulen si vurdering i lys av:

Andel fullført og bestått

Andel stryk og IV

Gjennomsnittleg fråvær

Andel sluttarar

1.1 Andel elevar ved skulen som har fullført og bestått alle fag (PULS)

| | |
|---------|-----|
| 2014/15 | 146 |
| 2015/16 | 161 |

1.2 Total stryk og IV på standpunkt og eksamen (PULS)

| | | Andel stryk | Andel IV |
|------------|---------|-------------|----------|
| Termin 1 | 2014/15 | 13 | 7 |
| | 2015/16 | 12 | 8 |
| Standpunkt | 2014/15 | 6 | 6 |
| | 2015/16 | 3 | 5 |
| Eksamen | 2014/15 | 1 | |
| | 2015/16 | 5 | |

1.3 Gjennomsnittleg fråvær (PULS)

| | | |
|---------|-------|-----|
| 2014/15 | timar | 10 |
| | dagar | 5,7 |
| 2015/16 | timar | 9,6 |
| | dagar | 5,9 |

1.4 Andel sluttarar Avbrottsdato frå 1/10 (PULS)

| | |
|---------|---|
| 2014/15 | 2 |
| 2015/16 | 2 |

1.5 Utfordringar og konsekvensar for mål og tiltak i utviklingsplanen 2016/17

Korleis vurderer skulen tilstanden når det gjeld fullført og bestått, stryk/IV og fråvær i fag og utdanningsprogram?

Tilstanden er bra, ikkje minst når ein ser på andel framandspråklege.

Forsking viser at mykje av fråfallet skjer i overgangen frå ungdomsskulen til vidaregåande og mellom nivåa i vidaregåande opplæring. Kva system har skulen for å sikre desse overgangane?

Me har overføringsmøte med ungdomsskulane på våren. Me har startsamalar med elevar og føresette dagen før skulen tek til. Her tek me opp om det er spesielle ting skulen må vite.

Kva utfordringar ser skulen når det gjeld sluttarar?

Me har god kontroll på dei som sluttar, men dei er ressurskrevjande og det er ei utfordring.

Kva konsekvensar får desse vurderingane for skulen sitt utviklingsarbeid?

Skulen er med på «Drømmeskolen og nærværsteam» for å gjera dette arbeidet betre. Skulen er tett på elevane. Kontaktlærarar, rådgjevar og ressurssteam kjem tidleg på banen. Deltaking i VIP for vg1 er og ein konsekvens.

2 Prioriterte tiltaksområde 2015/16**2.1 Vurdering for læring**

Skulen si vurdering i lys av:

Resultat frå Elevundersøkinga, undervisningsevalueringa, eigen kjennskap til skulen og kjenneteikn på kvalitet i Styringsdokumentet 2013 -15.

2.1.1 Vurdering av «vurdering for læring»:

Korleis vurderer skulen eigen vurderingspraksis gjennom relevante undersøkingar og eigen kjennskap til skulen:

Samarbeidet mellom lærarane har betra seg med tanke på vurderingspraksis. Gode døme og deling av praksis har vorte presentert i fellestid. Minst to fagsamtalar med elevane i kvart fag. Mange lærarar er sensorar på sentralgitte eksamen og får vurderingsopplæring der.

2.1.2 Utfordringar innan «vurdering for læring»

Utfordringar:

Å få «vurdering for læring» til å verta ein naturleg del av undervisninga. Elevane må læra seg til å bruka tilbake- og framovermeldingane.

2.2 Bruk av IKT i læringsarbeidet

Skulen si vurdering i lys av:

Resultat frå Elevundersøkinga, undervisningsevalueringa, eigen kjennskap til skulen og kjenneteikn på kvalitet i Styringsdokumentet 2013 -15.

2.2.1 Vurdering av «bruk av IKT i læringsarbeidet»:

Korleis vurderer skulen «bruk av IKT i læringsarbeidet» gjennom relevante undersøkingar og eigen kjennskap til skulen:

Skulen har eit minimumskrav til denne bruken blant lærarane. Dei fleste når dette kravet og mange prøver ut ny bruk. Skulen har vore med på fleire «dataprojekt» og har starta opp eit nytt prosjekt. Sjå digitalskule.no

2.2.2 Utfordringar innan «bruk av IKT i læringsarbeidet»

Utfordringar:

Det vert lett lite variasjon. Det er framleis sprik i lærarstaben når det gjeld datakunnskap og bruk.

2.3 Klasseleiing

Skulen si vurdering i lys av:

Resultat frå Elevundersøkinga, undervisningsevalueringa, eigen kjennskap til skulen og kjenneteikn på kvalitet i Styringsdokumentet 2013 -15.

2.3.1 Vurdering av «klasseleiing»:

Korleis vurderer skulen arbeidet med «klasseleiing» gjennom relevante undersøkingar og eigen kjennskap til skulen:

Elevane og lærarane arbeider med Elevundersøking. Elevane tok dette opp i «klassens time» og kom med tilbakemelding til heile kollegiet. Konkrete (personlege) tilbakemeldingar vart formidla gjennom avdelingsleiar. Dette arbeidet føregår heile skuleåret.

2.3.2 Utfordringar innan «klasseleiing»

Utfordringar:

Kva kan elevane gjera for å motta meir læring? Det er vanskeleg å få elevane til å komma med konkrete tiltak om kva dei sjølve kan bidra med for å auka læringsutbyttet.

3 Vurdering av eitt utviklingstiltak skulen har jobba særskilt med

3.1 Gi ein kort omtale av tiltaket

Inndeling av elevar som har språk vert gjort etter testar gjennom året.

3.2 Kvifor har skulen valt ut dette tiltaket?

Skulen ønskjer betre resultat og at alle elevar har noko å strekka seg etter. Innan språk er det mange ulike fagkodar.

3.3 Korleis har leiinga følgd opp tiltaket gjennom året?

Leiinga har lagt til rette med timeplan, språkassistent og eige opplegg for dei som skal ha sitt eige morsmål.

3.4 Ser skulen endra praksis som følgje av utviklingsarbeidet? Kva legg leiinga til grunn for vurdering av tiltaket?

Elevane synest dette er greitt og lærarane samarbeidar betre.

3.5 Planlegg skulen å jobbe vidare med tiltaket?

Ja.

4 Prosess knytt til tilstandsvurdering

4.1 Korleis har leiinga lagt til rette for prosessar med tilstandsvurdering gjennom året?

Tema på planleggingsdagar og personalmøte.

4.2 Korleis har leiinga sikra forpliktande medverknad og involvering?

Dei tilsette har mellom anna arbeid i grupper og presentert resultatet i plenum og ein har skrive og diskutert planane i fellesskap.

4.3 Korleis sikrar leiinga at heile det pedagogiske personalet er involvert i gjennomføring av utviklingsarbeidet?

Tema og felles arbeid på personalmøte og planleggingsdagar utover skuleåret.

4.4 Korleis har skulen sikra elevmedverknad i utviklingsarbeidet?

Elevrådet har faste møte og utviklingsarbeidet på skulen er ofte tema. Elevrådet kjem med konkrete tilbakemeldingar på Elevundersøkinga. Kafédialogar med evaluering av skuleåret med tanke på skulemiljø, utviklingsarbeid og vurdering.

4.5 Kva har vore dei største utfordringane for å lukkast med utviklingsarbeidet?

Skulen er i ein omstillingsprosess og utviklingsarbeidet vert påverka av denne prosessen.

5 Nytt styringsdokument 2016-2018 – prosessen vidare

5.1 Kva vil skulen legge vekt på i planlegging av arbeidet med å forankre nytt styringsdokument i organisasjonen?

Dette arbeidet vil skje i lag med Norheimsund vgs og skulen vil vektlegge tankane i Stortingsmelding 28.